

Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Majo Eigedom AS
Att. Magnus Helgesen
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Dykkar ref.	Sakshandsamar: Siril Sylta
Vår ref. 2013/3310 - 0 - 27241/2013	Telefon
Arkivkode: 137/590	Dato: 29.11.2013

Delegert sak

Løyve i eitt trinn for oppføring av bustad med garasje og utomhusanlegg - gbnr 137/590 Alver

Kommunen gjev løyve til oppføring av einestad med garasje og murar i nabogrensa mot nordvest og søraust i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 01.11.2013, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Før bruksløyve kan gjevast, må avkjørsel, veg og hovudleidning for vass- og avlaupsanlegg vera opparbeidd, jf. pbl § 18-1.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Ansvar og kontroll:

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Majo Eigedom AS	S	SØK/1/
Bolig Partner as	S	PRO/1/bygningsutforming, trehus, ventilasjon, våtrom, grunnmur og fundament
Stendal VVS AS	S	PRO/1/Utv. Stikkleidning og sanitæranlegg i bustad
Majo Eigedom AS	S	UTF/1/tømrararbeid, våtrom og ventilasjon
Stendal VVS AS	S	UTF/1/Utv. Stikkleidning og sanitæranlegg i bustad
Lindås kommune v/geodata	L	UTF/1/byggplassering
Trygve Øksnes entreprenør	L	UTF/1/grunn og terrengarbeid
Tangerås murerservice AS	L	UTF/1/betong
Villanger og sønner as	S	Uavhengig kontroll/1/våtrom og lufttetthet

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Søknaden:

Søknaden gjeld oppføring av einebustad med garasje, BRA 317 m2 og tilhøyrande utomhusanlegg, her murar i nabogrensa mot gbnr 137/728 og 137/562.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar:

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Plangrunnlag:

Eigedomen vert omfatta av reguleringsplan for Ikenberget bustadfelt, revidert 07.02.2002. Eigdommen ligg i regulert felt B3 og er avsett til bustad.

Veg og tilkomst:

Eigdommen har tilkomst via kommunal veg.

Det er gjeve løyve til etablering av avkjørsel på vilkår i vedtak frå Teknisk drift datert 21.10.2013.

Uteopphaldsareal og parkeringsløyvingar:

Eigdommen er vurdert å ha tilstrekkeleg uteopphaldsareal og parkeringsløyvingar i samsvar med reguleringsplanen.

Visuell utforming:

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

Plassering og høgdeplassering:

Dei omsøkte terrengmurane skal førast opp i nabogrensa mot gbnr 137/728 og 137/562. Det ligg føre skriftleg nabosamtykke for plassering inntil 0 meter frå nabogrensa. Tiltaket vert godkjent som omsøkt, jf. pbl § 29-4 tredje ledd bokstav a.

Høgdeplasseringa vert godkjent til topp grunnmur på kote + 50,0, jf. pbl § 29-4 første ledd.

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. Tiltaket si plassering skal koordinatutrekna, før utsetting av hushjørner på tomta. Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Vatn- og avlaup:

Det er gjeve løyve til påkopling til offentleg vass- og avløpsanlegg i vedtak frå Teknisk drift datert 29.10.2013

Gebyr:

Søknadspåklagte tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ for 2013.

Skildring	Antal	Beløp
C.1.1 Kartbasis	1	500
C.5.2.a Ny bueining	1	12.400
C.5.3.1 Ansvarsrett lokal godkjenning	3	7.200
C.5.3.2 Ansvarsrett sentral godkjenning	4	4.000
Totalt gebyr å betala		24.100

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Siril Sylta
konstituert fagleiar

Kopi til:

Glenn Stendal Nesbrekka 14 A 5912 SEIM